




KOPPI

FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Gulen Edelfisk A/S
5977 Åmmeland

M/H.

Dykkar ref.



Vår ref.
97/3807-3/542.1/pej - A

Hermansverk
04.07.97

GULEN EDELFIK A/S - SF/SU 7 - UTSLEPPSLØYVE FOR MATFISKOPPDRETT AV LAKSEFISK I SOLUND KOMMUNE.

Vi viser til oversending frå fiskerisjefen dagsett 10/6-97 vedkommande søknad frå Gulen Edelfisk as.

Søknaden gjeld samdrift med Ringholmen Havbruk sf/su 27 og Ringholmen Fiskeoppdrett sf/su 13 på 6 lokalitetar i Solund kommune.

Med heimel i ureiningslova frå 13. mars 1981 nr.6, § 18, jf. T-3/93 frå Miljøverndepartementet, gir fylkesmannen i Sogn og Fjordane med dette Gulen Edelfisk A/S - SF/SU 7 - løyve til utslepp til luft og vatn frå eit oppdrettsanlegg for matfisk av laks og aure ved:

LOKALITET	STORLEIK PR. KONSESJON*	MAKS STORLEIK VED SAMDRIFT	KOMMUNE	UTM (ED 50)
<u>Brattholmen</u>	12 000 m ³	36 000 m ³	Solund	269100 6778100
÷ Barlindskora	12 000 m ³	36 000 m ³	Solund	270000 6778000
÷ Trommesteinen	12 000 m ³	36 000 m ³	Solund	269700 6774500
÷ Grønevika, Indrøy	12 000 m ³	36 000 m ³	Solund	270000 6781700
÷ Jektevika, Lundøy	12 000 m ³	36 000 m ³	Solund	268600 6779900
<u>Tangenes</u>	12 000 m ³	36 000 m ³	Solund	271100 6781100

F.D. 24.4.09
lok. slutt
P2 - passivitet

* Samla må volumet ved alle lokalitetane ikkje overstige 12 000 m³. Ved samdrift med SF/SU 27 og SF/SU 13 kan det nyttast eit volum på opptil 36 000 m³ på alle lokalitetane.

∴ Endringa av løyvet gjeld under føresetnad av at vedlagde vilkår blir følgde.

Løyvet erstattar løyveskriv dagsett 30.01.97.

Løyvet gjeld frå det tidspunkt anlegget har fått konsesjon etter oppdrettslova. Dersom anlegget ikkje har etablert seg innan 2 år, må det etter § 20 i ureiningslova givast melding til fylkesmannen, som avgjer om det må sendast inn ny søknad. Løyvet omfattar også utslepp frå reingjering av nøter (notvaskar) og anna produksjonsutstyr, medisiner og avfallshandsaming knytt til drifta.

Adresse
Tinghuset, Skrivarvegen 3
Postboks 37
5840 HERMANSVERK

Telefon
57 65 50 00
Telefaks
57 65 50 55

Landbruksavdelinga
Hafstadvegen 48
Postboks 14
6801 FØRDE

Telefon
57 72 32 00
Telefaks
57 82 12 05

BAKGRUNN FOR SAKA

Gulen Edelfisk har frå før 3 lokalitetar i Solund kommune. Dei ønskjer no å driva i samdrift med Ringholmen Havbruk SF/SU 27 og Ringholmen Fiskeoppdrett SF/SU 13 på ytterlegare 3 lokalitetar.

Søknaden har vore lagt ut til offentleg gjennomsyn og er handsama i kommunen. Ved utlegginga til offentleg gjennomsyn kom det ikkje inn merknader som skal handsamast etter ureiningslova.

Kommunen tilrår at det blir gitt løyve som omsøkt.

GRUNNGIVING FOR AVGJERDA

Trommesteinen

Lokaliteten ligg i eit LENKA B-område. I mars 1993 blei miljøtilhøva ved lokaliteten undersøkt av AquaSafe-Kystkonsult A/S. Undersøkinga viste at miljøtilhøva var gode rundt anlegget, men prøvetakingsstasjonen under anlegget viste teikn på organisk overbelastning. Det er ikkje rapportert inn produksjon på lokaliteten i 1995.

Vi reknar med at grunna straum og djupnetilhøva vil det ikkje vere nokon stor fare for opphoping av organisk materiale under anlegget.

Barlindskora

Lokaliteten ligg i eit LENKA B-området. Lokaliteten ligg svært værhardt til og har berre vore i bruk i en generasjon. Oppdrettaren har ikkje konkrete planar om fiskeutsetjing på lokaliteten, men vil beholde lokaliteten som reservelokalitet. På grunn av desse tilhøva vil ikkje fylkesmannen sette krav om resipientgransking på lokaliteten. Fylkesmannen skal gjevast beskjed når lokaliteten vert teken i bruk.

Vi reknar med at grunna straum og djupnetilhøva vil det ikkje vere nokon stor fare for opphoping av organisk materiale under anlegget.

Brattholmen

Lokaliteten ligg i eit LENKA B-området. I juni 1994 blei miljøtilhøva ved lokaliteten undersøkt av AquaSafe-Kystkonsult A/S. Området var då framleis egna som oppdrettslokalitet. Prøvetakingsstasjonen nærmast anlegget og på det djupaste pkt. i resipienten hadde noko høgt innhald av organisk stoff. Det har vore produksjon på lokaliteten kvar år frå 1989 til 1996. I 1995 blei det produsert 610 tonn på lokaliteten, med eit forforbruk på 706 tonn. Dette verkar noko høgt. Ved ei utviding til 24 000 m³ er det viktig å få ned fôr-faktoren.

Vi reknar med at grunna straum og djupnetilhøva vil det ikkje vere nokon stor fare for opphoping av organisk materiale under anlegget ved gode driftsrutinar.

Grønevik ved Indrøy

Lokaliteten ligg i eit LENKA B-område. Desse områdene er mindre sjøområde med god vassutskifting. Det omsøkte området ligg i ei kyst-/overgangssone, der det er kraftige tidevasstraumar som høveleg gir god sirkulasjon. Lokaliteten ligg ikkje i terskelområde. Djupne under anlegget er ca. 35 m, og lengre aust for anlegget aukar det til 122 m. Det er ikkje rapportert drift på lokaliteten dei siste 2 åra (95 og 96).

Grunna djupne- og straumtilhøve finn vi det rimeleg å tru at det ikkje vil vere fare for opphoping av organisk materiale. Fylkesmannen har likevel sett krav til resipientgransking ved lokaliteten for å få dokumentert miljøtilhøva.

Aust for Tangenes

Lokaliteten ligg i eit LENKA B-område. Det omsøkte området ligg i ei kyst-/overgangssone, der det er gode tidevasstraumar. Djupne rundt anlegget er frå ca 20 m til 80 m. Det djupaste området ligg sørvest for anlegget (100 m) og djupna under anlegget er på det grunnaste ca. 20 m (bratt aukande til 80 m). Det er ikkje rapportert drift på lokaliteten dei siste 2 åra (95 og 96).

Grunna straum og djupnetilhøva finn vi det rimeleg å tru at det ikkje vil vere fare for opphoping av organisk materiale under anlegget. Fylkesmannen har likevel sett krav til resipientgransking ved lokaliteten for å få dokumentert miljøtilhøva.

Jaktevika

I brev dagsett 28.10.94 frå fylkesmannen vart det gitt varsel om ny resipientgransking av lokaliteten, og gjort ein vurdering av lokaliteten på bakgrunn av rapporten frå resipientgranskinga utført i november -92. Rapporten konkluderte med at området nærast anlegget var belasta, men at faunasamansetjinga ikkje gav noko eintydig indikasjon på auke i organisk belastning frå anlegget. Det har vært moderat produksjon på anlegget i 95 og 96. Ved ei utviding bør det gjennomførast ei resipientgransking på lokaliteten.

TILTAK

Det er sett følgjande fristar for gjennomføring av tiltak:

TILTAK	TIDSRIST	TIL VISING TIL VILKÅR
Resipientgransking ved Trommesteinen	01.04.98	7
Resipientgransking ved Barlindskora	etter avtale	7
Resipientgransking ved Brattholmen	31.12.99	7
Resipientgransking ved Grønevik v/Indrøy	31.12.99	7
Resipientgransking ved Tangeneset	31.12.99	7
Resipientgransking ved Jaktevika	01.04.98	7
Innsending av journal med produksjonsdata	15. februar	6.3

OPPLYSNINGAR OM KLAGERETT M.V.

Partane i saka kan klage avgjerda inn for Statens forurensningstilsyn (SFT) innan tre - 3- veker etter at samla avgjerd (konsesjon) er motteken frå fiskerisjefen, jf. forvaltingslova § 28 kap. VI. Klaga skal ein grunngi og sende om fiskerisjefen. Dersom løyvet blir påklaga, kan fylkesmannen eller SFT gi oppsetjande verknad på den påklaga delen, til det er teke endeleg avgjerd i saka.

Partane i saka har rett til å gjere seg kjende med dokumenta i saka, jf. forvaltingslova §§ 18 og 19. Fylkesmannen vil kunne gi nærare opplysningar om handsaminga av saka.

Løyvet frittek ikkje frå erstatningsansvar for ureiningskade etter ureiningslova § 10 og kap. 8.

Alle verksemdar med tilsette arbeidstakarar er pliktige til å ha eit internkontrollsystem som sikrar at lover og reglar innan: Helse, miljø og tryggleik blir følgde (jfr. § 52 b. i ureiningslova, og internkontrollforskrifta). Med miljø meiner vi her ytre miljø, -utslepp til vatn og luft, avfallshandtering, lukt, ekstern støy m.m. Internkontrollsystemet må mellom anna sikre at alle lover, forskrifter og løyve som kan ha noko å seie for påverknaden av det ytre miljø ved/rundt anlegget vert ivareteke.

Med heimel i ureiningslova § 73 kan fylkesmannen fastsetje ureiningsgebyr til Staten for å sikre at tiltak, og pålegg gitt med heimel i ureiningslova blir gjennomførte.

Ved nedlegging av drifta, t.d. grunna ein konkurs, skal det givast melding om dette til ureiningsstyresmakta, jf. § 20 i ureiningslova.


Dersom fylkesmannen finn det naudsynt, kan ytterlegare tiltak bli kravd frå verksemda for å redusere eller hindre ureining frå anlegget. Eventuelt kan det bli kravd at anlegget blir flytta, jf. ureiningslova §18.

Eigaren av anlegget pliktar å la representantar for fylkesmannen og dei etatar og institusjonar som fylkesmannen gir fullmakt, inspisere anlegget (jf. § 50 i ureiningslova).

Vi gjer for ordens skuld merksam på at det er ulovleg etter ureiningslova og straffelova å unnlate å etterleve vilkåra som er sett til drifta.

Med helsing


Jøfred Fakle
fung. fylkesmiljøvernssjef


Gøsta Hagenlund
seksjonsleiar

Sakshandsamar: Pål Erik Jensen.1. konsulent Tlf.: 57 65 51 65

Kopi m/vedlegg: Fiskerisjefen i Sogn og Fjordane,
Pb 274, 6701 MÅLØY

Fylkesveterinæren i Hordaland og Sogn og Fjordane,
Pb 61, 5032 MINDE

Solund kommune

PEJ(2), VASS

VILKÅR FOR UTSLEPPSLØYVE DAGSETT 04.07.97

1. UTSLEPP TIL VATN

1.1 Fôr

Ved fôring av fisken skal tap og spill av fôr reduserast mest mogleg.

Det er berre tillate å bruke tørrfôr eller mjukfôr.

Definisjonar:

Våtfôr: Heil fisk, slo, eller oppmalt fisk/avfall tilsett bindemiddel.
Konsistensen av oppmalt våtfôr er deigaktig.
Tørrstoffinnhald < 40 %

Mjukfôr/pellets: Oppmalt fisk/avfall, tilsett så mykje bindemiddel at den kan fôrast ut som pellets utan å gå i oppløysing.
Tørrstoffinnhald > 50 %

Tørrfôr: Tørrstoffinnhald > 90 %

1.2. Medisin/kjemikal

Bruk, lagring og utslepp av medisin, insekticid, desinfeksjonsmiddel m.v. skal skje i samsvar med regelverk/retningslinjer frå veterinærstyresmaktene.

1.3. Sanitæravløp

Utslepp frå sanitæravløp frå personalrom m.v. må godkjennast av kommunen i samsvar med reglar for spreidde avløp.

2. UTSLEPP TIL LUFT

Fôrlagring, spyling, reingjering og tørking av nøter, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulempar for naboar eller andre.

3. STØY

Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager. Som minstekrav skal immisjionsgrensene i "*Retningslinjer for begrensing av støy fra industri m.v.*" (TA-506) oppfyllest.

4. AVFALL OG SLAM

4.1. Produksjonsavfall og slam

Død fisk, slakteavfall, fôrrestar, slam, feitt m.v. skal handterast på ein slik måte at det ikkje oppstår ureining.

Død fisk skal takast opp av sjøen minst kvar dag i sommarhalvåret og annankvar dag i vinterhalvåret. Når det døyr meir fisk i anlegget enn vanleg, skal opptaksfrekvensen aukast tilsvarende.

Oppsamla død fisk skal konserverast omgåande ved ensilering, frysing, e.l. og førast til eige lager. Ved ensilering skal fisken kvernast.

Oppdrettsanlegget skal ha ein kriseplan for å handtere store mengder død fisk, ved t.d. algeoppblomstring eller sjukdom.

Antibiotikahaldig død fisk og anna antibiotikahaldig avfall eller slam skal lagrast i eige lager. Lageret skal ha nok kapasitet, både til avfall ved vanleg drift og avfall ved sjukdom.

Oppsamla avfall som ikkje inneheld antibiotika skal utnyttast til fôrprodukt eller gjødsel/jordforbetningsmiddel.

Dumping av død fisk og anna avfall i sjøen er ikkje tillate.

Nedgraving og forbrenning er ikkje tillate utan skriftleg løyve frå ureiningsstyresmakta. Evt. søknad om nedgraving av smittefarleg fisk må òg rettast til fylkesveterinæren.

4.2. Medisin og kjemikalrestar

Unytta restar av medisinfôr, antibiotika, insekticid og andre miljøfarlege stoff, inkludert emballasje må samlast og lagrast forsvarleg før det blir henta av, eller brakt til, produsent, eller annan godkjent mottakar. Det same gjeld oppsamla antibiotikahaldige fôrrestar og ekskrement.

4.3. Anna avfall

Emballasje, plast, papir, isopor, hushaldningsavfall og avfall som ikkje kjem inn under pkt. 4.1. og 4.2. skal dersom det ikkje kan brukast av verksemda eller gjenvinnast, leverast kommunal renovasjon eller godkjent avfallsanlegg for slike avfallstypar. (Sjå òg "*Forskrift om sortering, oppbevaring og levering til gjenvinning av brunt papir*", T-1029.) Verksemda må kunne dokumentere avfallsmengde delt på ulike typar.

4.4 Spesialavfall

Spesialavfall skal lagrast på ein forsvarleg måte, og skal leverast attende til leverandøren, eller eventuelt andre godkjende mottakarar. (Jf. "*Forskrift om spesialavfall*" frå 19. mai 1994, T-1037).

4.5. Slamfjerning

Dersom det er nødvendig med slamfjerning frå sjøbotn må det søkjast om eige løyve til dette. Skriftleg søknad som fortel korleis slammet er tenkt transportert og disponert skal sendast til fylkesmannen. Grunna smittefaren må også veterinær-styresmaktene vaslast.

Oppsamla slam skal om mogleg nyttast til gjødsel/jordforbetningsmiddel.

5. LAGRING AV MEDISIN OG KJEMIKAL

Medisin, insekticid og kjemikal skal lagrast forsvarleg og avlåst slik at det ikkje er tilgjengeleg for uvedkomande.

Lagerlokalet skal utformast slik at spill ved uhell e.l. kan samlast opp, t.d. ved hjelp av oppsamlingstankar/kantar med tilstrekkeleg volum.

6. KONTROLL

6.1. Rutiner for vedlikehald

Verksemda pliktar å føre jamleg tilsyn med fõringsutstyr, eventuelle reinseanlegg m.v. slik at desse alltid blir drivne mest mogleg effektivt. For å sikre dette skal verksemda regelmessig drive førebyggjande vedlikehald og ha eit rimeleg reservelager av dei mest utsette delane.

6.2. Journalføring/kontroll

Verksemda skal regelmessig registrere og journalføre følgjande data:

- | | |
|-------------------------------|----------------------------------|
| * Fiskemengde | * Mengde oppsamla slam med |
| * Fõrtype og fõrforbruk | antibiotika, og disponeringsmåte |
| * Mengde rømt fisk | * Avfallsmengder og |
| * Mengde død fisk | disponeringsmåtar |
| * Bruk av: | |
| - Antibiotika, type og mengde | |
| - Insekticid, - " - | |
| - Andre kjemikal, - " - | |

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 2 år og vera tilgjengeleg ved kontroll.

6.3. Årsrapport

Kvart år skal det utarbeidast ein rapport for fylkesmannen som viser siste års produksjon, avfallsmengder og -handtering, og dessutan forbruk av fõr, medisin m.m. Årsrapporten skal leverast på standard skjema og skal innehalde ei samanlikning av verkelege og lovlege mengder/tilhøve. Eventuelle overskridingar må kommenterast.

Årsrapporten må sendast fylkesmannen innan **15. februar** det påfølgjande året.

7. RESIPIENTGRANSKINGAR

Ved desse lokalitetane skal det innan dei oppgitte tidsfristane vere gjennomført resipientgranskingar.

LOKALITET	TIDSFRIST
Resipientgransking ved Trommesteinen	01.04.98
Resipientgransking ved Barlindskora	etter avtale
Resipientgransking ved Brattholmen	31.12.99
Resipientgransking ved Grønevik v/Indrøy	31.12.99
Resipientgransking ved Tangeneset	31.12.99
Resipientgransking ved Jaktevik	01.04.98
Innsending av journal med produksjonsdata	15. februar

Omfanget av den vidare overvakinga av miljøtilhøva i området, vil bli vurdert etter kvart. Dersom fylkesmannen finn det nødvendig, kan såleis ytterlegare tiltak bli kravde frå oppdrettsanlegget og verksemda knytt til dette jf. ureiningslova § 51. Eigaren av anlegget kan også påleggjast å betale ein høveleg del av kostnadene ved eit kontrollprogram for området der anlegget er plassert.

8. ANDRE VILKÅR

8.1. Eigenkontroll og ansvar

Verksemda pliktar gjennom instruksar, kontroll og andre tiltak å syte for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader blir mest mogleg avgrensa.

8.2. Akutte utslepp

Verksemda pliktar å gjennomføre tiltak med sikte på å unngå akutte utslepp av t.d. antibiotika, kjemikal osv.

Dersom det oppstår akutte utslepp skal fylkesmannen vaslast så snart som råd. I samsvar med rundskriv T-914 frå Miljøverndepartementet, skal også brannvesenet vaslast ved større akutte utslepp frå industri på land.

8.3. Nedlegging, eigarskifte, konkurs

Ved eigarskifte, inklusive ny eigar etter ein konkurs, må det givast melding om dette til ureiningsstyresmakta innan - 4 - fire veker. Det same gjeld ved namneendring.

Verksemda er ansvarleg for opprydding på det nytta området, jf. ureiningslova § 20.